



PÅ LAND I BERGEN: Denne dagen like før pinse gjekk 28 passasjerar på land i Bergen frå sognebåten, i den svartaste tiltakstida kunne det vera ein einaste passasjer inn til Bergen.



STERKE KYSTTAL: Snøggbåten frå Nordford kjem inn til Bergen samstundes med sognebåten og «Vingtor» leverte 80 passasjerar denne morgonen. Skipsførar Roger Rivedal, til venstre, og overstyrmann Chris Sagstad hadde booka inn 100 nordover med kystruta neste dag.



RYSJEDALSVIKA: Berre tre i Rysjedalsvika denne morgonen, men det peiker rette vegen og sognebåten er i full gang med å henta attende passasjerane sine.

Attende

- Vårt håp er at norske ferierende oppdagar dette flotte fjordtilbodet, seier Bjørn Egil Søndena, sjef for snøggbåtdrifta i Norled, og presiserer at denne sommaren kjem landsdelens største fjordattraksjon til å by fram rikeleg med kapasitet.

Heile fjorden ventar

Den daglege forsyninga av turistar innover i fjorden har mykje å seia for fleire. I snart femti år har folk i fjordbygdene stilt klokka sommarstid etter denne båten.

Det er neppe å ta for sterkt i at ein heil fjord ser fram til onsdag 24. juni.



EI VIKTIG HAMN: I sommarhalvåret er Balestrand ei viktig hamn for Norled, men no om dagen er det langt mellom turistane og Norled må setja si litt til nordmenns reiselyst i vekene som kjem.



TRYGT I VÊR OG VIND: Det er levert sikringsstolpar på kvar side av landgangane for å hindra at dei fell i fjorden ved sterk vind og bølger. Installasjonen kan også takast på land etter sesongen er over. **BEGGE FOTO: MARINA SOLUTIONS**

Her blir det ingen cruiseturistar i år- likevel har kommunen bladd opp for tenderbryggje

VIK: Reiselivet ser fram mot 2021 og kommunen har investert for å få turistane trygt på land.

RENATE SÆLE
renate@sognavis.no



TO LANDGANGAR: For ein styrt persontrafikk er det laga to landgangar frå flytekaiaen. Landgangane skal vera sklisikre og ha gode rekkverk på kvar side.

- Kommunen valde å investera i år, trass i at dei visste det blei smått med passasjerar. I tillegg er det brukt lokal entreprenør. Me er glade for å få oppdraget, seier salssjef Tommy Giil i Marina Solutions.

Dei har nyleg installert og forankra ei tenderbryggje i Vik. Passasjerar på cruiseskipa som kjem til bygda blir frakta med tenderbåtar inn til den flytande tenderbryggja. Den nye bryggja er 15 meter lang og fire meter brei.

Tryggare for passasjerane

- Det var viktig at kaien er solid og brei nok til at passasjerar kjem seg trygt både i land og om bord att, seier Giil i selskapet som har base i Ørsta.

Han rosar kommunen for å ha investert i år- trass i koronatider og null cruiseturistar i sikte.

- Installasjonen er laga slik at den er lett å få på land etter siste anløp utpå hausten, seier Giil.

Full cruisesstogg

Næringsjef Odd Rune Turvoll i Vik kommune er nøgd med fasilitetane som no er komne på plass.

- Tidlegare har me hatt ei kai med «heimelaga løysing» for tenderbåtene. Den har ikkje vore hensiktsmessig og heller ikkje trygg, spesielt for dei som ikkje hoppar så lett over ripa, seier Turvoll.

I fjor haust såg det lyst ut

for cruiseanløp, 29 skip ville koma til Vik.

- Me bestemde oss for flytebryggje og forhandla med leverandørar. Me fekk avtale om leveranse før 12. mars og koronasituasjonen var eit faktum, seier Turvoll.

Budde for 2021

Han reknar ikkje med at bryggja vil bli særleg mykje brukt i år.

- Det er ei teoretisk moglegheit for at det kjem skip i slutten av sesongen. Men me forventar ikkje anløp i år. Likevel kjem det cruiseturistar tilbake til Vik på eitt eller anna tidspunkt. Då har me ei god løysing på plass for tenderbåtar og passasjerar, seier Turvoll.

Området har også ein annan funksjon. Veteranbåten MS Arnafjord vil ha fast ligjeplass der. Denne blir også brukt i reiselivssamanheng.

- Heile bryggjesystemet, med inngangsløysing til Kristianhus har kosta mellom 700.000 og 800.000 kroner for kommunen, seier Turvoll.

Han legg til at også større yachter som har problem med å leggja til andre stader, kan nytta tenderbryggja.